



Ingeniør Aarland AS  
Eidsvågbakken 1  
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7029 - 15/28459

Saksbehandlar:  
Inger Opheim Hindenes  
inger-opheim.hindenes@lindas.kommune.no

Dato:  
01.09.2015

## Førebels melding om motteken byggjesak. FVL § 11 - Gbnr 214/94 Fyllingsnes

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.08.2015 og saka har saksnummer 14/7029.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og byggesaksforskrifta kap. 7.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesaksforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesaksforskrifta § 7-2 (1). Ved større manglar vert tidsfristen rekna frå den dagen søknaden er komplett.

Viss saka krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt, jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesaksforskrifta § 7-3.

| Sakstype  | Tidsfrist |
|---|-----------|
| Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2, inkl. dispensasjon<br>Fristen vert avbroten i den tida søknaden ligg til uttale hos regionale og statlege mynde   | 12 veker  |
| Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-3 og 20-4, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje føreligg merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig.<br>Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i | 3 veker   |



|  |          |
|--|----------|
| gang.  |          |
| Søknad om løyve til tiltak etter § 20-4, der det føreligg protestar frå naboar/tverrbuarar, men tiltaket elles er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig.<br><br>Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. | 3 veker  |
| Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.   | 12 veker |
| Søknad om igangsetting<br><br>Dersom fristen ikkje er halden kan de tiltaket setjast i gang  | 3 veker  |
| Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn.<br><br>Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk.   | 3 veker  |
| Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn.   | 3 veker  |

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslegen.

Med helsing

Inger Opheim Hindenes  
administrasjonssekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

**Kopi til:**  
Thomas Borsholm

Øvstunvegen 24 B 5223

NESTTUN

**Mottakarar:**  
Ingeniør Aarland AS

Eidsvågbakken 1 5105

EIDSVÅG I ÅSANE